



Nordom Fjellet As
Skjelangervegen 819
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/222 - 17/6798

Saksbehandlar:
Merete Rosslund Fløysand
merete.floysand@meland.kommune.no

Dato:
07.04.2017

Alkoholomsetning 2016 - klage

Viser til dykkar skriv, motteke 16.03.17.

I kommunestyret 21.09.16, sak 93/2016 vart det gjort vedtak om fornying av skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3, for perioden 01.10.16 til 30.09.20.

Eit av punkta i vedtaket er:

«Oversikt over skjenka volum for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar månad året etter.»

Innsending av alkoholomsetningsoppgåve står og i Alkoholforskrifta §6-3 og i Alkoholpolitisk handlingsplan for Meland kommune 2016-2019, pkt 4. Alkohollova §7-1: Sals- og skjenkeavgift.

Bedrifta er sjølv ansvarleg for å sende inn omsetningsoppgåva innan fristen som er oppgitt.

Den 24.02.17 vart det sendt ut ein e-post med påminning om innsending av omsetningsoppgåva for 2016 til dagleg leiar Eva Birkeland.

E-postadressa som vart brukt er same adressa som søknad om fornying av skjenkeløyve d. 29.04.16 og klage på vedtak om fornying av skjenkeløyve d. 11.10.16 kom frå.

Kommunen ved underteikna tok og ein telefon til Eva Birkeland og Tore Kvalheim på dei telefonnummer som står oppgitt i søknad om fornying av skjenkeløyve, utan å få svar.

I telefonsamtale med dagleg leiar Eva Birkeland i byrjinga av mars månad vart det informert om at for seint innsendt alkoholomsetningsoppgåve fører til tildeling av prikkar, jfr Alkoholforskrifta §10-3. I dette tilfellet tilsvare det 2 prikkar. Prikktildeling er delegert til rådmannen og det er pr. dags dato ikkje sendt ut skriv til skjenkestaden om tildeling av prikkar.

Alkoholpolitisk handlingsplan vart sendt ut på høyring den 16.03.16. Den vart sendt i konvolutt til Nordomfjellet AS, Husebøvegen 105, 5917 Rossland.

Høyring av Alkoholpolitisk handlingsplan vart og lagt ut på heimesida til kommunen frå 16.03.16 til 29.04.16.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dette til dykkar orientering.

Sak om prikktildeling er framleis under handsaming.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Merete Rosslund Fløysand
førstesekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Nordom Fjellet As

Skjelangervegen 5917
819

ROSSLAND